



Askøy kommune
Klampavikvegen 1
5300 KLEPPESTØ

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Lovlegkontroll – Askøy kommune sitt budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Fylkesmannen viser til oversending frå Askøy kommune datert 11.02.2020.

Vedtak

Fylkesmannen avviser krav om lovlegkontroll. Fylkesmannen kan ikkje sjå at vilkåra for å gjennomføra lovlegkontroll av rådmannen sitt notat datert 14.01.2020 er til stades, jf. kommunelova § 27-1, jf. § 27-2.

Bakgrunn for saken

Rådmannen i Askøy kommune har i notat datert 14.01.2020 lagt fram si forståing av kommunestyret sitt vedtak i saken «Budsjett 2020 – økonomiplan 2020 – 2023.»

Kommunestyrerepresentantane Jann Atle Jensen, Trond Høgtun og Oddvar M. Juvik har den 03.02.2020 kravd lovlegkontroll av det dei meiner er eit ulovleg administrativt vedtak, notat frå rådmannen om budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023, jf. kommunelova § 27-1. Alle representantane representerer Folkeaksjonen Nei til mer bompenger (FNB) i Askøy.

Notatet frå rådmannen vart lagt fram for kommunestyret i sak RS 1/20 ((PS 22/20) i møte 06.02.2020.¹ Det vart 06.02.2020 gjort vedtak² om at rådmannens forståing av vedtak om budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 er riktig.

Kommunen ved rådmannen har vurdert kravet om lovlegkontroll i oversendinga hit den 11.02.2020, jf. kommuneplan § 27-1. Rådmannen deler ikkje klagarane si oppfatning om at rådmannen har gjort eit vedtak gjennom å teikne ned i eit notat si tolking av eit vedtak. Det er difor ikkje noko faktisk eller rettsleg grunnlag for lovlegkontroll relatert til notatet. Det er vist til at det er vanleg praksis at rådmann legg fram si tolking av tidlegare vedtak for kommunestyret, då dette legg til rette for at organet kan stadfeste eller korrigere rådmannen si forståing.

Regelverk

¹ Kommunestyret avgjorde at dei gjorde om referatsaken til ei politisk sak, og den er difor nemnt som sak PS 22/20.

² Vedtatt med 18 mot 17 stemmer.



Lovlegkontroll med kommunale avgjerder er regulert i kommunelova³ kap. 27.

Etter kommunelova § 27-1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe kommunale avgjerder inn for departementet til kontroll av om avgjerda er lovleg. Kravet må vere sett fram innan tre veker etter at avgjerda vart teken, jf. forskrift om tidsfrist for krav om lovlegkontroll § 1.

For kommunale avgjerder er fylkesmennene delegert avgjerdsrett, jf. rundskriv H-25/92 frå det dåverande Kommunal- og regionaldepartementet. Nærare retningslinjer for lovlegkontroll er gitt i rundskriv H-2299 av 21.10.2013.

Kva som kan kontrollerast følgjer av kommunelova § 27-2.

Dersom ei kommunal avgjerd vert teken opp til kontroll, skal Fylkesmannen etter § 27-3 bokstav a til c ta stilling til om:

- innhaldet i avgjerda er lovleg
- avgjerda er teken av nokon som har mynde til å ta slik avgjerd
- avgjerda har kome til på rett måte

Kommunen si utøving av forvaltningsskjønn kan ikkje prøvast. Fylkesmannen skal oppheve vedtaket dersom det er gjort feil som gjer avgjerda ugyldig.

Fylkesmannen si vurdering

Krav om kontroll er sendt inn mindre enn tre veker etter «notatet» er datert og fremja av tre medlemmar av kommunestyret, jf. kommunelova § 27-1.

Det er kravd lovlegkontroll av rådmannens notat datert 14.01.2020. Kravet er sett fram 03.02.2020. Kommunestyrerepresentantane som krev lovlegkontroll hevdar at rådmannen med notatet har gjort eit ulovleg vedtak om å endre innhaldet i budsjettvedtaket PS 264/19, datert 12.12.2019.

Spørsmålet er om notatet frå rådmannen datert 14.01.2020 er eit endeleg vedtak som er gjort av eit folkevalt organ eller den kommunale administrasjonen, jf. kommunelova § 27-2 første ledd bokstav a, eller om det er ei prosessleiande avgjerd, jf. andre ledd bokstav a, og difor ikkje kan kontrollerast.

Fylkesmannen viser til at sjølv om det i ny lov er vist til «vedtak» og ikkje «avgjørelse,» slik som i tidlegare lov, er det ikkje meint at det skal vere noko innstramming av omgrepet og omfanget av kva som kan vere gjenstand for lovlegkontroll. Gjeldande praksis skal i utgangspunktet vidareførast.

Omgrepet «avgjørelse» og «vedtak» i kommunelova femner vidare enn omgrepet «vedtak» i forvaltningslova.⁴ Om det er tale om ein «avgjørelse» i kommunelova si forstand, må det mellom anna skiljast mellom realitetsavgjerder og prosessleiande avgjerder. Avgjerder som avgjer realiteten i ei sak må som regel sjåast på som ein «avgjørelse» etter kommunelova. Vidare følgjer det av forarbeida⁵ til gammal kommunelov at det berre er endelege avgjerder som kan bringast inn for lovlegkontroll, ikkje innstillingar gitt av administrasjonen eller folkevalde organ. Det skal difor vere ei form for avsluttande vedtak i den kommunale sakshandsaminga.

³ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) LOV-2018-06-22-83, i kraft frå 01.11.2019.

⁴ Rettleiar H-2299 frå Kommunal- og regionaldepartementet, 2013.

⁵ Ot.prp.nr. 42 (1991-92) s. 300



I kommunelova § 27-2 om kva som kan kontrollerast, er det gjort visse språklege endringar og tilføyingar for å klargjere kva som kan kontrollerast, og kva som ikkje kan kontrollerast. Føresegna vidarefører elles gjeldande rett.⁶

Notatet frå rådmannen legg ikkje nye føringar, men er ei presisering av forståinga av eit vedtak. Notatet ber ikkje preg av å vere eit endeleg vedtak, det ligg ikkje føre faktiske eller rettslege føringar for den vidare sakshandsaminga, og det vil heller ikkje gi ei reell endring eller rettsverknad for kommunen. Den endelege avgjerda i saka kjem i kommunestyret sitt vedtak datert 06.02.2020, sak PS 22/20, der det vart lagt til grunn at rådmannen si forståing var riktig.

På bakgrunn av vurderingane over, konkluderer vi med at notatet frå rådmannen om forståinga av vedtak om budsjett 2020, økonomiplan 2020-2023 ikkje kan vere gjenstand for lovlegkontroll, jf. kommunelova § 27-2 første ledd bokstav a, jf. andre ledd bokstav a.

Oppsummering

Fylkesmannen har kome til at vilkåra for å foreta lovlegkontroll ikkje er til stades. Kravet om lovlegkontroll vert difor avvist, jf. kommunelova § 27-1, jf. § 27-2. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er gjort feil i handsaminga av budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023.

Fylkesmannen ber Askøy kommune underrette kravstillarane om resultatet av lovlegkontrollen.

Fylkesmannens avvisingsvedtak kan ikkje klagast på.⁷

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Ida Loftesnes Kvåle
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

⁶ Prop. 46 L (2017-2018) s. 415.

⁷ H-2299 s. 39.